




## Fornybare ressursar



## Ikkje-fornybare ressursar





# Naturressursar

Naturressursar er ressursar som finst utan at menneske har skapt dei. Desse ressursane hjelper oss med det vi treng for å leve. Noreg har mange naturressursar.

Vi deler naturressursane inn i to grupper:

1. Fornybare ressursar
2. Ikkje-fornybare ressursar


**Fornybare ressursar** er naturressursar som aldri blir brukte opp.

Solenergi frå sola og jordvarme frå det indre av jordkloden er ressursar vi kan hente ut så lenge vi vil. Vatn og vind sørger naturen for å fornye heile tida. Det blir styrt av sola. Jordbruk, skogsdrift og fiskeri er også fornybare ressursar. Desse ressursane kan likevel øydeleggjast viss vi ikkje tenkjer på miljøet og hentar ut for mykje.

**Ikkje-fornybare ressursar** er naturressursar som blir brukte opp.

Olje, gass, kol, mineral og bergartar er døme på ressursar som forsvinn for godt. Naturen lagar ikkje desse råvarene igjen. Desse ressursane kjem ikkje tilbake til jorda når vi har brukt dei opp. Derfor blir denne gruppa kalla ikkje-fornybare ressursar.

## Fornybare



## Ikkje-fornybare

